

Referat styremøte 2017

Møre & Romsdal Gjeterhundlag - MRGL

Styremøtet (tlf.møte) fann stad den 17.08.2017 i tidsrommet mellom klokken 20.30 og 22.30.

Samtlige møtte:

- ✓ Merethe Hellevik (leiar)
 - ✓ Andor Bjørke, skrivar (vara for Bente Bonsaksen)
 - ✓ Ottar Ringstad
 - ✓ Maren-Ann H. Løvold
-

SAKER:

SAK 1; Mail fra MRSG ang spørsmål frå leiar i MRGL

Leiar informerte om mail frå Møre og Romsdal Sau og Geit datert 26.05.2017, og til mail med spørsmål frå MRGL v/Merethe stillt 05.05.2017. Etter ein diskusjon, vart styret einige om at leiar tek dette vidare med eit kort svar til MRSG, og vidare deltek i framtidige styremøter i MRSG ved behandling av saker som omfattar gjeterhundarbeidet. Leiar las vidare opp agenda/arbeidsplan frå neste styremøte i MRSG, vedr. komande «samspillmatrise i styret» (leiarsamling). Etter ein kort diskusjon blei det vedteke at leiar i MRGL sende mail med spørsmål til styret i MRSG om dei m.a vil invitere representantar frå dei fire lokale gjetarhundlaga i fylket.

SAK 2; Anmodning til lokallaga

Styret gjekk igjennom utkast til skriv til lokallaga med anmodning om å avstå frå andel av overskotet frå NM 2014. Styrevedtak: Skrivet vart godkjent, og Merethe sender det ut til dei fire respektive lokallaga.

SAK 3; Revidering av 2016 rekneskap

På grunn av manglande revidering av rekneskapen for MRGL året 2016, påla Årsmøtet det sitjande styret om ferdigføring og revidering så snart råd var. Dette er no klart, og det blei vedteke at Maren-Ann sender rekneskapen i posten til Jan Myklebust (revisor) for revidering.

SAK 4; Medlemstreff haust 2017

Med grunnlag i styrevedtak den 18.02.17 (arbeide fram ei aktivitetshelg for grasrota), diskuterte styret ulike løysingar på å organisere dette, og styret kom fram til at ei helg i begynnelsen av november kan passe. Det kom opp eit forslag på å ha dette på Lepsøya, på garden til Merethe Hellevik. Ho har plass og treningsdyr nok til at ein kan vere på opptil 3 område samtidig (avhengig av antal deltakarar). Det er kort veg ned til Demma, der det både er gapahuk og grillhytte. Vidare vil styret høyre med dei fire lokallaga om dei har instruktørar, villege til å gjere ein dugnadsinnsats og instruere gratis. Brobygging mellom lokallaga/kompetanseheving i gjetarhundmiljøet. Kurset skal vere rimeleg for deltakarane, og vidare er der fleire overnattingsmuligheiter på øya. Styret diskuterte og andre aktiviteter, som utlodning, mm. Vedtak; Leiar Merethe sjekker litt meir rundt det med overnatting, og dei andre styremedlemmane loddar stemninga for dette i sine respektive lokallag.

SAK 5; Bruksprov

Det er komt inn fleire ynskje om at MRGL skal ta opp att praksisen med at ekvipasjer kan bestille laminerte bruksprov. Styrevedtak: MRGL tek opp att praksisen og vil selje laminerte bruksprov for

250,- pr stk. Web ansvarlig vil leggje ut informasjon om dette på heimesida. MRGL tek ikkje ansvar for hundar med bruksprov i praktisk arbeid.

SAK 6; Betale ut styrehonorar for 2016/rekningar

Maren-Ann har enno ikkje fått tilgang til kontoen, men no skal det snart vere i orden. Vedtak på at Maren-Ann då snarast betaler ut styrehonorar for 2016, i tillegg til rekning frå NSG på prøveavgift for 2016.

SAK 7; FM-underskotet til Midtre Møre Gjetarhundlag

Ref årsmøtevedtak, skal det betalast ut 5.870,- til Midtre Møre Gjetarhundlag. Maren-Ann tek jobben med å få denne og betalt.

SAK 8; Prøvenemnd

Det er i år valg på eit nytt medlem i prøvenemnda sidan Rune Landås går ut. Torkjell Solbakken og Jo Agnar Hansen er dei to andre medlemmane i nemnda. Styret i MRGL meiner at det bør vere geografisk spreiding på dei som sit i prøvenemnda, og at det no er på tide at nokon frå Nord-Noreg er representert. Styret vedtok at Merethe vidareformidlar dette til NSG.

SAK 9; Status - Fylkesmeisterskapet 2017

Maren-Ann informerte om status. Prøveområdet er avklart, staden er Batnfjorden (ved sidan av der Dyregod vert arrangert). Frist for påmelding ei veke før, og det vil kome ut meir informasjon om m.a overnattingsmuligheiter, mm. Styret ynskjer å avhalde eit nytt telefonmøte om FM når det nærmar seg, der Jostein Røyset og deltek. Vidare ynskjer styret å oppnemne ein oppmann frå fylket til å bistå NRGL i gjennomføringa av fylkesmeisterskapet.

SAK 10; Hotellrom NM 2017

Styret i MRGL har tinga 6 rom til NM-deltakarar frå Møre og Romsdal. Ref. styrevedtak den 29.03.17 skal romma verte frislept til andre dersom det vert rom til overs. Ikkje enkelt å ha ein frist for å seie i frå om ein vil ha rom, ettersom siste uttaksprøvene er helga før NM. Vedtak om at web ansvarleg leggjer ut informasjon om dette på heimesida, og lagar ei venteliste slik at andre interesserte kan få overta eventuelle frislepte hotellrom.

SAK 11; Kvalifisering NM 2017

Styret i MRGL diskuterte vidare meir rundt FM 2017, og herunder kvalifiseringsreglementet som ligg ute på heimesida. Dette vart avrunda med ei presisering på at dette reglementet gjeld, og at ein ber den einskilde om å lese dette på heimesida.

Etter ei kort oppsummering vart styremøte med dette heva.

17.08.2017

Merethe Hellevik,

Ottar Ringstad,

Andor Bjørke,

Maren-Ann Helgesen Løvold